| F 04/22 | **GODKJENNING PLANAR FOR UTVIDING AV GRAVPLASSEN** |
|---|---|
| | <u>Bakgrunn:</u><br><br>Soknerådet hadde saka oppe i møtet 30. november i F-sak 26/21. Som grunnlag for behandlinga låg i tillegg til planen, statsforvaltaren sine kommentarar. Statsforvaltaren sin viktigaste merknad, var at talet på graver tettast på den nye gråsteinsmuren måtte reduserast, grunna krav om tilstrekkeleg avstand til muren. Soknerådet sitt viktigaste innspel, var at granskogen ovanfor gravplassen måtte fjernast.<br><br>Planen er no revidert og begge desse omsyna er no lagt inn i planen, i tillegg til nokre andre mindre endringar.<br><br>*<u>Framlegg til vedtak:</u>*<br><br>*Fedje sokneråd godkjenner endringane i plan for utviding av gravplassen. Soknerådet meiner at ein mindre reduksjon av talet på graver er akseptabelt, for å ivareta avstandskravet til ny gråsteinsmur. Soknerådet er tilfreds med at fjerning av granskogen ovanfor gravplassen vil bli gjennomført.* |
| **Vedtak:** | **Fedje sokneråd godkjenner endringane i plan for utviding av gravplassen. Soknerådet meiner at ein mindre reduksjon av talet på graver er akseptabelt, for å ivareta avstandskravet til ny gråsteinsmur. Soknerådet er tilfreds med at fjerning av granskogen ovanfor gravplassen vil bli gjennomført.** |